



Likelydande brev går med e-post til:

Bergen og Omland Friluftsråd  
Friluftsrådet Vest  
Ryfylke Friluftsråd  
Dalane Friluftsråd

## Godkjenning av årsrapport for 2017 og overføring av statleg tilskot til driftseiningane i Vestkystparken for 2018

Vi viser til søknadsbrev av 31. jan. 2018 og e-post sendt den 2. feb. 2018 frå Hordaland fylkeskommune, som sekretariat for Vestkystparken.

I søknadsbrevet søker Hordaland fylkeskommune statlege driftsmidlar til Vestkystparken for 2018. Rekneskap og budsjett, gjeldande samarbeidsavtale for driftseiningane i Vestkystparken og deira årsrapportar var anten vedlagt søknaden eller etterfølgande e-post. Handlingsplan for Vestkystparken (2016-2019) var også lagt ved. Fylkesmannen godkjenner med dette rapporteringa, og ser at krava til søknad om driftsmiddel er oppfylte.

Fylkesmannen i Hordaland har ansvar for overføring av det statlege tilskotet til aktuelle friluftsråd i Vestkystparken for 2018. Totalt har vi mottatt kr. 3 910 000,- til dette føremålet for 2018.

Fylkesmannen vil betale ut det statlege tilskotet i ei utbetaling, fordelt til kvart av friluftsråda. Fordelingsmodellen, som vart lagt fram, og samrøystes vedteken på styremøtet for Vestkystparken den 4. april 2017, ligg til grunn for Fylkesmannen sin utbetaling av det statlege tilskotet, fullt og heilt.

Følgjande summar vil verta utbetalte med det første:

Bergen og omland friluftsråd:	1 874 551,-
Friluftsrådet Vest:	839 119,-
Ryfylke friluftsråd:	1 081 264,-
<u>Dalane friluftsråd:</u>	<u>115 066,-</u>
<b><u>Sum:</u></b>	<b><u>3 910 000,-</u></b>

### **Statlege tilskot 2019**

For utbetaling av det statlege tilskotet til driftseiningane for 2019, må søknaden innehalda ein årsplan/driftsplan og eit budsjett som viser både utgiftssida og kva for beløp dei einskilde finansieringsaktørane bidreg med. Det vert også, som tidlegare år, stilt krav om rapportering for 2018 gjennom årsrapport og rekneskap.

### **Vilkår for utbetalingane**

Som tidlegare år, er vilkåra for utbetaling av det statlege driftstilskotet, at naturoppsynsoppgåver vert konkret følgt opp i samråd med lokalt personell i Statens naturoppsyn (SNO).

Kvar einskild driftseining må, etter nærare avtale, stille båt inkludert mannskap til kostnadsfri disposisjon for SNO (evt. Fylkesmannen) i eit omfang på 7-10 dagar i løpet av året. Oppgåvene gjeld naturoppsyn etter nærare avtale med SNO lokalt (eigne oppdrag, bistand til SNO-oppdrag, eller praktiske skjøtselsoppgåver mv).

I tillegg set vi vilkår om at naturoppsyn, så langt som mogleg, vert integrert i den ordinære daglege tenesta, i samråd med lokalt SNO.

Det er også eit vilkår at Skjergardstenesta bidrar på Strandryddedagen 2018.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernssjef

Øistein Aasland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi sendt med e-post til:  
Miljødirektoratet  
Hordaland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
SNO-Bergen  
SNO-Suldal  
SNO-Stavanger  
Fylkesmannen i Rogaland